



Jnr. 1047.21
THM/aat

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland
Ordførar og kommunedirektør i Haugesund kommune
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
fredag 11. juni d.å kl. 08.00, på Teams.

Tidsplan:

Kl. 08.00 Presentasjon Stord Lufthamn v/Jan Morten Myklebust
Kl. 08.30 Møte i Samarbeidsrådet – sakshandsaming
Kl. 10.30 Møteslutt

Sakslista:

- Sak 20/21 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 19. mars d.å.
Sak 21/21 Val av nytt arbeidsutval 2021-2023
Sak 22/21 Regional plan for klima 2022-2035 - høyring
Sak 23/21 Skriv og meldingar
- a) I AU møte 28. mai orienterte Lasse Kolbjørn Anke Hansen v/VLFK og Vegard R. Sjursen v/EY om Grøn Vekst. AU tok presentasjonen til orientering og ønskte i denne omgang ikkje å delta i prosjektet.
 - b) Administrasjonen orienterte om planar for Arendalsuka 16. – 20. august 2021, der ein saman med Haugaland Vekst har fått sceneplass på Bærekraftscenen frå kl. 14.00–15.15 onsdag 18. august. Tema vert Grønt skifte innan hav rommet og planlegging av program er starta saman med adm. dir. i Haugaland Vekst. Administrasjonen tek gjerne imot innspel til program.
 - c) Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion – høyringsfrist 30. juni. Administrasjonen stilte spørsmål om kommunane ønskjer ein regional uttale. AU konkludert med at dette var ein administrativ plan og dermed ikkje ønskjer sende ein regional uttale frå Samarbeidsrådet.
 - d) Prosjektorientering.
- Sak 24/21 Ymse

Sunnhordland, 4. juni 2021

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 11. juni kl. 08.00

Teams

Sak 21/21

THM/aat

Val av nytt arbeidsutval 2021-2023

Arbeidsutvalet i Samarbeidsrådet skal vera eit drøftingsorgan som skal arbeida tettare opp mot dagleg leiar og administrasjonen enn Samarbeidsrådet.

AU er ikkje eit formelt organ og Samarbeidsrådet kan i så måte til ei kvar tid bestemme kven som skal sitte i arbeidsutvalet. Det har likevel vore ein uskriven regel dei siste åra at AU har bestått av styret, supplert med vara til styret i tillegg til to rådmenn/kommunedirektørar. Det vil seia 4 ordførarar og 2 rådmenn.

Representantskapet vel styret, Samarbeidsrådet vel arbeidsutvalet.

I perioden 2019/2021 har arbeidsutvalet bestått av:

Morten Storebø, Austevoll kommune (Bjarte Madsen)
Mette Heidi B. Ekrheim (Siri Klokkestuen), Etne kommune (Bjørn Tollefsen)
Linn Therese Erve, Sveio kommune (Jostein Førre)
Sammy Olsen, Bømlo kommune (Kjetil Aga Gjøsæter)
Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune (Peder Sjo Slettebø)
Magnus Mjør, Stord kommune (Gaute Epland)

Det nye arbeidsutvalet for 2021-2023 vil bestå av:

Mette Heidi B. Ekrheim, Etne kommune (Bjørn Tollefsen)
Linn Therese Erve, Sveio kommune (Jostein Førre)
Sammy Olsen, Bømlo kommune (Kjetil Aga Gjøsæter)
Gaute Epland, Stord kommune (Magnus Mjør)
Olaug Haugen, Fitjar kommune (Harald Rydland)
Bjarte Madsen, Austevoll kommune (Morten Storebø)

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland vel følgjande arbeidsutval for perioden 2021-2023:

Mette Heidi B. Ekrheim, Etne kommune (Bjørn Tollefsen)

Linn Therese Erve, Sveio kommune (Jostein Førre)

Sammy Olsen, Bømlo kommune (Kjetil Aga Gjøsæter)

Gaute Epland, Stord kommune (Magnus Mjør)

Olaug Haugen, Fitjar kommune (Harald Rydland)

Bjarte Madsen, Austevoll kommune (Morten Storebø)

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 11. juni kl. 08.00
Teams

Sak 22/21
THM/aat

Regional plan for klima 2022-2035

Vestland fylkeskommune har sendt planprogram for Regional plan for klima 2022-2025 på høyring, med høyringsfrist 18. juni 2021.

Bakgrunnen er at Utviklingsplanen til fylket har ein visjon om å vera «Nyskapande og berekraftig». Dette inneber at FN sine 17 berekraftsmål er overordna og førande for utviklinga. Ein plan for å redusera klimagassutslepp og tilpasse seg klimaendringane har prioritert, og det er difor no varsla oppstart av ein regional plan for dette.

Saksopplysningar

Innhaldet i planprogrammet er fordelt på tre plantema. Under kvart tema er det konkretisert kva som skal utgreiast i den regionale planen. Under er det kort lista opp dei ulike tema

1. Utsleppsreduksjon

a) Redusera klimagassutslepp

Dette skal utgreiast i den regionale planen:

- Lage status for klimagassutslepp
- Utarbeide framskrivingar for klimagassutslepp
- Definerer dei største utsleppskjeldene
- Sjå på kva utsleppskjelder som er sentral i samfunnsutviklinga og korleis ein kan redusera utsleppa frå desse
- Utvikle gode styringsverktøy

b) Redusera klimafotavtrykk og fjerne direkte utslepp

Dette skal utgreiast i den regionale planen:

- Lage ein status for klimafotavtrykk, der aktuelle tema skal vera forbruk og innkjøp, sirkulær økonomi og redusera avfallsmengda

2. Klimatilpassing

a) Eit trygt og robust Vestland – tilpassing til eit endra klima

Dette skal utgreiast i den regionale planen:

- Identifisera og prioritera viktige innsatsområde knytt til samfunnstryggleik ved eit endra klima
- Delta i prosjekt tilknytt forskning og utvikling som omhandlar reduksjon av risiko - Fokus på naturbaserte løysingar for klimatilpassing
- Utforme retningslinjer for klimatilpassing

b) Klimarettferd og folkehelse

Dette skal utgreiast i den regionale planen:

- Mål og tiltak i klimaplanen skal ikkje forsterke ulikskap i helse og økonomi. Konsekvensar av klimaendringar og verknad på helse skal kartleggast.

3. Naturmangfald

Dette skal utgreiast i den regionale planen:

- Identifisere tiltak for å redusere tap av naturmangfald
- Gjera greie for viktige økosystemtenester og korleis ein kan dra nytte av desse i klimatilpassing.
- Gjera greie for naturbaserte løysingar for klimatilpassing.

Prosess og medverknad

Det er fylkestinget som skal vedta planen og fylkesutvalet skal vera politisk styringsgruppe. Prosjektansvarleg skal vera fylkesrådmannen.

Endeleg vedtak av planprogrammet er antatt i august 2021 og endeleg vedtak av plan er antatt i oktober 2022.

Medverknad er sett opp som ei liste med ulike møteformer, både fysiske og digitale. Det er ei lang liste med grupper det skal vera spesielt fokus mot. Dette gjeld:

- Born og unge
- Kommunane
- Næringslivet
- Landbruksorganisasjonar
- Offentlege mynde og organ
- Forskning, høgskule og universitetsmiljø
- Lokale organisasjonar
- Innbyggjarane
- Andre relevant

Vurdering: Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt innspel til høyringa

Struktur av planprogrammet

Planprogrammet inneheld svært mykje nyttig og relevant informasjon. Regionrådet meiner at dette er eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid i planprosessen. Vi har ingen merknad til innhaldet eller tema. Det er likevel eit svært tunglest planprogram, med mange inndelingar, tema og målsettingar. Planprogrammet bør forenklast og gjerast lettlese. Dette vil gjera det meir

tilgjengeleg for alle gruppene ein ynskjer å nå, og involvera politikarar, offentlege og private aktørar.

Nullutslepp i 2030

Vestland fylke skal vera ein pådrivar for å nå nullutsleppsmålet i 2030. Det er i planprogrammet ikkje sagt noko om korleis ein definerer nullutslepp. Ein tydleg definisjon av dette bør utarbeidast. Denne bør utformast slik at kommunane i Vestland fylke kan nytte same definisjon i sine klimaplanar.

Medverknad

Det bør i planprogrammet kome tydlegare fram kva medverknadsformer som faktisk er planlagd. No er det svært generelt, og det er ikkje så lett å kome med innspel. For kommunen er det viktig at det vert lagt til rette for at kommunen kan kome med innspel og at dei vert involvert i prosessen gjennom fleire rundar i prosessen. Kommunen ynskjer at det vert lagt til rette for møter og arbeidsverkstad i kommunen eller i Sunnhordlandsregionen.

Lista over grupper som skal ha fokus i medverknadsprosessen er ganske lang, og ein kan vanskeleg finne grupper som er utelatt her. Kommunen meiner at ulike grupper bør koplast på dei ulike tema, og at dette kjem tydlegare fram i planprogrammet eller ei eit eige program for medverknad.

Naturmangfald

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner punkta som ein skal utgreie på naturfangfald ser lovande ut. Det er likevel viktig for samarbeidsrådet for Sunnhordland at fylkeskommunen i eit slikt arbeid har best mogeleg kunnskapsgrunnlag i arbeidet, og at ein jobbar med å få på plass så god kartlegging som mogeleg over dei naturtypene som finnes i fylket. På den måten er det lettare å gjere vurderingar på kvar ein kan akseptere å bygge ned noko natur, og kvar ein ynskjer å verne natur eller eventuelt verne natur gjennom fornuftig bruk av arealet.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar planprogrammet for regional plan for klima 2022-2035, slik det ligg føre og med dei innspela som kjem fram av saksframlegget over.

